



Balestrand kommune
Omsorg

Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.
14/486-4/MVM

Arkivkode
G01 &13

Deres ref.

Dato
10.07.2014

MELDING OM VEDTAK - Forslag til ny akuttmedisinforskrift og forslag til endringer i forskrift om pasientjournal

Kommunestyret handsama i møte 19.06.2014 sak 23/14. Følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak:

Balestrand kommune har nokre kommentarar som ein ber om vert teken med i arbeidet med forskrifta. Vi avgrensar til nokre få moment som har stor betydning for småkommunar, og dei med lang reiseavstand til sjukehus, legevakt.

Det er positivt 2. person i ambulanse skal være autorisert helsepersonell, det sikrar tryggleik, men samstundes er det ikkje nemnt noko om responstid som i høgste grad sikrar tryggleik. Det verkar motseiande å heve kompetansekrav på ambulanse, samstundes som den vert fjernare for innbyggjarane. Målet med forskrifta er vel å sikre tryggleiken betre enn i dag.

(Jf. NOU – «når det haster» 2009 der det var lagt som ei anbefaling frå departementet å ha minimum responstid.) Høyringa seier ikkje noko om responstid, men brukar omgrepet «raskt». Som utkantkommune vil vi gjerne vite kva som vert lagt i omgrepet raskt.

Positivt at ein prøver å betre kvaliteten på legevakt, men det medfører ein del meirkostnad for kommunane. Vil kursing, som det er lagt opp til, gje tilstrekkelig kompetanse i forhold til overgrep? Dette omhandlar for eksempel sikring av bevis, sakyndig vurdering med meir. Dette på bakgrunn av at den enkelte legevakslege svært skjeldan kjem bort i slike saker.

Samrøystes.

Med helsing

Margrethe Vie Myren
Kommunalsjef helse og omsorg

Adresse:
Kong Beles veg 20
6899 BALESTRAND
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no
Internett: www.balestrand.kommune.no

Sentralbord: 57 65 12 00
Telefaks: 57 69 12 05
Bankgiro: 3805.07.00043
Bankgiro for skatt: 7855.05.14183
Organisasjons. nr 970 184 252


Balestrand
inspirerer deg